

PlanID-2022001,  
Plannavn-  
**Arkiv:** Kommuneplanen sin  
arealdel for Alver,  
Komnr-4631, FA-L13  
**JournalpostID:** 22/38025  
**Saksbehandler:** Marте Hagen Eriksrud  
**Dato:** 18.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Utval for Areal, plan og miljø - styringsgrupper	

## Kommuneplanen sin arealdel for Alver - utkast til planprogram til politisk styringsgruppe

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Planprogrammet til kommuneplanen sin arealdelen skal til 1. gangs politisk handsaming i utval for areal, plan og miljø 15. juni 2022.

Politisk styringsgruppe gjev sin tilslutning til følgjande kapittel i utkast til planprogram:

- Kap. 2. Organisering og framdrift
- Kap. 3 Medverknad og kommunikasjon

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i politisk styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel for Alver (utval for areal, plan og miljø).

### Bakgrunn

Utvil for areal, plan og miljø er politisk styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel for Alver. Arbeidet med planprogram for planarbeidet er i prosess. Planprogrammet skal til 1. gangs handsaming i utval for areal, plan og miljø 15. juni 2022.

Føremålet med styringsgruppemøte 25. mai:

- Gjennomgang av utkast til planprogrammet med politisk styringsgruppe før formell politisk handsaming av planprogrammet 15. juni 2022
- Styringsgruppa kan gje signal til administrasjonen om eventuelle behov for endringar og/eller presiseringar i dokumentet.
- Kommunedirektøren legg opp at styringsgruppa kan fatte eit prosessvedtak, som vist under framlegg til vedtak.

Agenda for møte er lagt ved som vedlegg til saka.

## **Saksopplysninger:**

Vedlagte utkast til planprogram er i prosess. Det vil kunne kome endringar frå administrasjonen fram til politisk sak den 15. juni. Ein av dei moment som må jobbast vidare med er å sikre at planprogrammet følgjer opp dei endringane som vart vedteke i kommuneplanen sin samfunnsdel i kommunestyret 19. mai.

Om innhald i kapittel i utkast til planprogram:

### Kap. 1 Innleiing

Utviklingstrekk, bakgrunn og mål, informasjon om kva ein kommuneplan og eit planprogram er, samt informasjon om hovuddokument til kommuneplanen sin arealdel.

### Kap. 2 Organisering og framdrift

Organisering av arbeidet og framdriftsplan. Framdriftsplanen er detaljert for arbeidet med planprogrammet og meir overordna for utarbeiding av planforslaget. Det er krevjande å vite eksakt tidsbruk i planarbeidet, men vi legg opp til sluttføring av planarbeidet våren 2024.

### Kap. 3 Medverknad og kommunikasjon

I planarbeidet ønskjer vi å nå ut med relevant og god informasjon til innbyggjarane om planarbeidet. I kap. 3 viser vi kva metoder vi vil ta i bruk i dei tre fasane for å nå ut med informasjon og sikre god medverknad;

- Fase 1: Oppstart, planprogram og innspeksjonsperiode
- Fase 2: Planfase
- Fase 3: Høyring og offentleg ettersyn av planforslaget

Vi tilrår at perioden for innspel til arealdelen vert i same periode som høyring av planprogrammet.

Vi skal i tillegg utarbeide eit eige dokument med meir detaljar kring opplegg for medverknad og kommunikasjon. Dette dokumentet er i prosess.

### Kap. 4 Hovudtema i planarbeidet

Kapittelet skal gje ei oversikt over tema i planarbeidet og utgreiingsbehov.

### Kap. 5 Innspeil til arealdelen

Dette er den første arealdelen til Alver kommune. Sjølv om deler av kommunen har relativt nye kommunedelplanar, er det mange som har ønskje om å få sine innspeil vurdert i planarbeidet. Administrasjonen tilrår at vi opnar opp for innspeil på alle arealføremål.

Kap. 5 gjev informasjon om dei områdene kor det ikkje vert opna opp for innspeil på. I kap. 5.1 er det lagt inn nokre tema vi særskilt ønskjer innspeil på, tema som er viktige for at arealdelen skal kunne følgje opp føringar lagt i samfunnsdelen. I tillegg er det i kap. 5.2 og 5.3 lagt inn omtale av kriterie som alle innspeila skal vurderast opp imot. Intensjonen er at det skal vise tilbake til føringar frå samfunnsdelen og kap. 6 Prinsipp for arealbruk.

Vedlegg 1 Krav til innspeil og prosess for handsaming av innspeil, gjev informasjon om kva informasjon eit innspeil til arealdelen skal innehalde, samt prosessen med handsaming av innspeila.

### Kap. 6 Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

Planprogrammet må gjere greie for kva tema vi skal vurdere i konsekvensutgreiinga og kva kjelder vi skal ta i bruk under kvart tema.

## **Vedlegg:**

**Vedlegg:**

20.05.2022	KPA_Politisk styringsgruppemøte 250522_Agenda	1742183
20.05.2022	Kommuneplanen sin arealdel Alver_Utkast til planprogram_200522	1742188